**MELAND KOMMUNE**
Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS
Postboks 1809 Nordnes
5816 BERGEN

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar ref. | | Journalp.ID | 09/9728 | Dato | 10.07.2009 |
| Vår ref. | EIU | ArkivsakID | 2009002179 | | |
| | | Arkiv nr. | GBNR-51/33, GBNR-51/47, N-511 | | |

**GODKJENNING - RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV HYTTE PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 33,47**

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

| Styre, komite, utval | Møtedato | Sbh. | Saknr |
|---|---|---|---|
| Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester | 10.07.2009 | EIU | 293/09 |

***Dokumentliste:***

| Nr | T | Dok.dato | Avsendar/Mottakar | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 29.06.2009 | Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS | SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV HYTTE - GNR 51 BNR 33,47 |
| 2 | U | 02.07.2009 | Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS | FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 51 BNR 33,47. |
| 3 | U | 10.07.2009 | Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS | GODKJENNING - RAMMELØYVE FOR OPPFØRING AV HYTTE PÅ LANDSVIK, GNR 51 BNR 33,47 |

| | |
|---|---|
| **Eigedom:** | **Gnr 51 Bnr 33 og 47** |
| **Byggjeplass:** | **Landsvik** |
| **Tiltakshavar:** | **Gunda Marie Falao Sparre** |
| **Ansvarleg søkjar:** | **Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS** |
| **Planstatus:** | **Regulert til hytteformål** |

**Tekniske anlegg:** **Eksisterande VA anlegg skal nyttast**

**Søknad om rammeløyve: Riving av eksisterande hytte, bygging av ny hytte.**

## Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om rammeløyve stempla motteke 30. 06.09 i Meland kommune. Søknaden gjeld riving av gamal eksisterande hytte og oppattbygging av ny hytte på gnr.51 bnr33 og 47.

Tiltakshavar eig eigedomen rundt Gnr 51 Bnr 33 og 47. Det vert gjeve fritak for nabovarsling.

Naudsynt søknad om ansvarsrett frå ansvarleg søkjar ligg føre.

## Vurdering:

Søknaden om rammeløyve er i samsvar med gjeldande plan i området. Administrasjonen har vurdert søknaden og har ikkje merknad til den. Søknaden kan difor godkjennast etter plan- og bygningslova på delegasjon på vanlege vilkår.

Ansvarsrett frå ansvarleg søkjar vert godkjent slik den ligg føre.

Eksisterande VA anlegg skal nyttast.

## VEDTAK

"Meland kommune gjev rammeløyve for riving av eksisterande hytte samt bygging av ny hytte som omsøkt i samsvar med søknad stempla motteke 30.06.09 i medhald av plan- og bygningslova §§ 93 og 95 a. Det vert også vist til kart og teikningar stempla motteke 30.06.09.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Topp grunnmur skal ikkje vera høgare enn eksisterande grunnmur er i dag.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang før igangsetjingsløyvet ligg føre.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrett vert godkjend slik som omsøkt, jf pbl kap XVI om ansvar og kontroll m m, forskrift om føretak for ansvarsrett.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde."

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 27, jf vedlagte skjema.*

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

Anny Bastesen
kommunalsjef

Einar Urheim
Plan- og byggjesakskonsulent

**Kopi til:**
Gunda Marie Falao Sparre